

## Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei! Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

29.05 2022

Søndag før pinse

**Tema: «Handledning»**




**Kapellet er å ope kvar  
dag for lystenning eller ei stille stund.  
Tysdager kl 11:30 er det ei kort middagsbøn  
i kapellet ved apoteket.**

# Søndag før pinse

## Preiketekst: Johannes 16, 12-15

Jesus seier:

12 Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no. 13 Men når han kjem, Sanningsanden, skal han leia dykk fram til heile sanninga. For han skal ikkje tala av sitt eige, men tala det han høyrer, og fortelja dykk det som skal koma. 14 Han skal herleggjera meg, for han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk. 15 Alt det som Far min har, er mitt. Difor sa eg at han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.



## «Handledning»

**Seks blinde skulle beskrive ein elefant.** Ein tok rundt snabelen og sa at ein elefant var ein stor **slange**, ein kjende på støttenene og beskreib elefanten som eit **glatt spyd**, ein tok på foten og sa at elefanten var som ein ru stor **tømmerstokk**, ein tok på øyret og sa at elefanten likna på eit **teppe**, ein hang i halen og sa elefanten var eit **tau**, ein klappa på magen og sa at elefanten var som eit stort **bevegeleg fjell**...

Denne vandrehistoria har eit viktig poeng - alle hadde rett ut i frå sin ståstad – men alle opplevde bare litt av elefanten, ingen «såg» heile bildet!

Slik er det med oss og sanninga også. "Sannheten er som horisonten, du kan rekke ut etter den, men ikke gripe den", skal ein jødisk forfattar ha skrive.

Coaching er populært i vår tid. Som oftast handlar det om å bli ein betre versjon av seg sjølv. Når Jesus snakkar om vegleiing i vår tekst, handlar det om å bli rettleia *av Gud til Gud, av sanning til sanning*. Jesus skal gå bort, men trøystar oss med at Den heilage ande skal kome å vise oss kva som er rett. Vegleiing heiter på svensk «handledning». Det er eit meir konkret bilde på det som skjer. Sanningsanden rettleiar meg ved å ta tak i handa mi, og litt etter litt føre handa mi rundt, slik at eg oppdage fleire delar av elefanten. Å få alt på ein gong kan bli for mykje for oss i følge Jesus. Men ein gong... Som Paulus seier det:

«No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud». (1 Kor 13,12)

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest